



Styremøte Bø museum

Dag: torsdag 28.09.2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Oav Finstad, Jørn Berget, Kari Rast Monge, Evy Beate Stykket, Kari Lønnestad, Hannele Hestetun

Frå drift: Bergit Li (fråverande under del av sak 58)

Forfall: Ellen Schrupf

Sakliste

Sak 56/23 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent. Det blei kommentert at Evy ikkje hadde fått innkalling.

Sak 57/23 Godkjenning av referat frå forrige møte
Referatet godkjent.

Sak 58/23 Status tilsetting
Det er sendt brev til kommunen ang. økonomi og ønske om assistanse ved tilsetting. Ein kopi av brevet, samt svaret frå kommunen, blir sendt ut saman med møtereferatet. Det vil ikkje bli nokon rask avklaring frå kommunen, så dersom vi skal kome vidare med saka nå, må vi ta initiativ sjølve. Bergit har stor arbeidsmengd og det har auka på i seinare tid. Ho har inga løn for dette, men styret ønsker å gje henne ei symbolsk godtgjersle i form av ei eingongsløyving. Vidare er det stort behov for nokon til å avlaste henne. Det kan enklast skje ved å velge ut nokre bestemte arbeidsområde og engasjere ein aktuell person til eit avgrensa prosjekt, og søke om eksterne midlar til dette. Vedtak: Kristin, Bergit og Kari ser på aktuelle prosjekt/søknader. Kristin kontaktar aktuelle personar. Bergit Li får kr 10.000 som godtgjersle.

Sak 59/23 Julemessa
Det er behov for diverse produkt for sal på Åheim. Evy og Kari ser på saka.
Ønske om å ha bålpannefyring og tilbod om ridning for barn.
Aktuelt å ha smultringvogn på området under messa. Bergit kontaktar dei som driv den.

Sak 60/23 Skilting på museumsområdet
Museet har fått støtte til skilting, men tiltaket er ikkje gjennomført. Det bør det bli før neste sommarsesong. Olav kan delta i tekstproduksjon. Kristin snakkar med Tore Bjørn ang. utforming.

Sak 61/23 Sikring mot elva
Saka har vore drøfta lenge utan at tiltaket er gjennomført. Det er nå semje om at eit stakittgjerde i ubehandla malmfuru kan vera ei god løysing. Det vil passe til området og kreve lite vedlikehald. Gjerdet bør gå frå Åheim og bort forbi Åsestugo. Teknisk etat i kommunen bør kontaktast for å sjekke om det er bestemte krav til utforming med tanke på sikring. Kari RM tar kontakt med dei.

Sak 62/23 Oktobermarknad

Det har kome førespurnad om museet ønsker å ha stand på haustmarknaden på torget 21. oktober. Vi har tidlegare hatt stand på vårmarknaden.

Vedtak: Vi prioriterer vårmarknaden, og stiller ikkje med stand på haustmarknaden.

Sak 63/23 Østerli, diskusjonssak

Det er lenge sidan det har vore museumsdrift på Østerli, og bygningane har behov for vedlikehald. Spørsmålet om kva Bø museum vil med Østerli, har vore oppe fleire gonger, og i 2006 blei det utarbeidd ein rapport. Fortsatt er det inga avklaring, men så lenge museet eig tunet, må vi sørge for å halde det i stand. Nå er det behov for å sikre taket på bygningen, Jørn lagar ein søknad til Kulturminnefondet. Rapporten frå 2006 skal ut til styret til orientering og kan danne grunnlag for vidare vurdering.

Sak 64/23 Artbeidet i videograppa

Det er er framleis ikkje semje mellom partane om det som gjeld publisering av video, og det er behov for ei avklaring. Kristin har vore i eit møte med videograppa ved Gunleik Hynne og fått orientering frå dei. Videomaterialet finst nå på ein ekstern disk som skal kopierast slik at det finst to eksemplar. Styret ønsker at materialet skal kome ut og bli tilgjengeleg for publikum. Derfor meiner vi at det som alt er laga til, må kunne publiserast slik det er, men at ein frå nå av arbeider etter ny standard. Vedtak: Det som alt er laga til av videograppa, publiserast på museets Youtube-kanal slik det er. Dersom det ikkje eignar seg til Digitalt museum, kan det evt omarbeidast for å bli publisert der. Heretter må alt som blir produsert, gjerast etter ein felles standard som eignar seg til Digitalt museum (søkbart på namn og stadnamn, standard frontside).

Sak 65/23 Sommarutstillinga 2024

Jernbanen er tema for utstillinga, evt også sentrumsutvikling. Kristin kontaktar Gunleik Hynne, og høyrer kven han ønsker å ha med i ei arbeidsgruppe. Evy er villig til å ha sekretærfunksjon for grappa.

Sak 66/23 Prosjekt å søke på

- Gjerde mot elva. Søknad blir sendt Sparebankstiftinga Bø, frist 1. oktober. Jørn skaffar ein sum til budsjettet, Bergit sender søknaden.
- Kjøp av gjenstandar. Det kan vera aktuelt å kjøpe inn ei samling gjenstandar etter Gregar Nordbø, i privat eige hos Hans Otto Minge. Kona hans var barnebarn av Nordbø. Aktuelt å søke Eckbos legater om støtte, Kristin kontaktar Finn for å førebu ein søknad.

Sak 67/23 Eventuelt

- Visit Bø har møte ons 25. okt kl 9.00. Kristin kan truleg stille.
- Neste styremøte: Onsdag 8. november.

Ref. Kari



BØ MUSEUM

Bø Museum
Oterholtvegen 148, 3802 Bø
www.bomuseum.no

Bø, 20. september 2023

Til Midt-Telemark kommune

Bø Museum – innspel til økonomiplan for komande periode.

Bø Museum ønskjer bistand ved tilsetting av fagperson ved museet og at Midt-Telemark kommune skal sjå på dei samla ressursane til museums- og kulturarbeid.

Bø Museum

Midt-Telemark kommune er ein turist- og kulturkommune. Seks kulturinstitusjonar i kommunen (Bø Museum, Evju Bygdetun, Bø Prestegard, Hørte Dampfarveri, Sauherad Historielag og Norsk Hardingfelesenter), har eit samarbeid gjennom Midt-Telemark Museums lag. Formål; formidle kunnskap om materiell og immateriell kulturarv på grunnlag av avtaler med medlemmene. Det er inngått avtale med Visit Bø. Samordning av arrangement mellom medlemsorganisasjonane.

Historia i korte trekk

Bø Museum er skipa 26. september 1977 som eit resultat av det arbeidet Bø kommune, Bø ungdomslag, Bø Bondekvinne lag, Bø Historielag, Spelemannslaget Bøheringen, Bø Mållag og Telemark distriktshøgskole hadde gjort for å ta vare på bygningar, gjenstandar og anna tradisjon som er særmerkt for kulturtradisjonen i Bø.

Bø Museum har som oppgåve å føre dette arbeidet vidare ved:

- Å drive museumsverksemd og aktivisere innbyggjarane til å ta vare på og utvikle alt som har kulturhistorisk verdi for Bø kommune.
- Å samle og sikre dokumentasjon, drive formidling og utvikle ny kunnskap gjennom forskning.

Bø Museum er ein medlemsorganisasjon med om lag 125 medlemmer. Styret har ansvar for at drifta blir forvalta forsvarleg. Ifølgje vedtektene skal aktiviteten ved museet drivast og utviklast i eit nært og forpliktande gjensidig samarbeid med Midt-Telemark kommune. Kommunen har ein representant i styret.

Bø Museum var konsolidert med Telemark Museum frå 01.01.2003 til 31.12.2015. Bø Museum valde å gå ut av dette samarbeidet. I denne perioden hadde Telemark Museum driftsansvaret for Bø Museum.

Eigarskap

Bø Museum eig bygningar og samlingar. Grunneigarar er:

Gnr: 21/33 – Polen med uthus og Åheim med uthus: Bø Museum

Gnr: 21/62 – Utstillingsbygg, Åsestugo, verkstadbygg: Midt-Telemark kommune

Gnr: 42/1 – Kvennøya: Midt-Telemark kommune

Gnr 18/6, feste 37 – Østerli, heimel til festerett. Grunneigar Mariann Oline Aaland.

Dagens situasjon

- Bø Museum har ansvar for om lag 15 bygningar, mange av bygningane har stort etterslep når det gjeld vedlikehald. Dei fleste bygningane er plassert på Oterholt, Kvennøya og Østerli. Dei siste åra har styret hatt fokus på å få lagt nytt tak og utvendig måling av Åheim landhandel.
- Bø Museum held ope i juli, ny utstilling kvart år i tillegg til faste utstillingar. I sommarsesongen er det tilsett to museumsvertar. I tillegg er museet ope ved førespurnad.
- Diverse arrangement og opne dagar i løpet av året, blant anna den årlege julemessa.
- Formidling overfor barn / unge: Baking av brød i steinomnen på museet for førskulegruppene i gamle Bø kommune og 6. klassetrinn, Bø og Folkestad skule. Undervisningsopplegg for 5. klassetrinn, Bø og Folkestad skule. Elles tek ein imot klasser / grupper frå universitet og vidaregåande skule når dei ønskjer det.
- Ei dugnadsgruppe ved museet møtast ein gong i veka haust, vinter, vår og gjer ulikt førefallande arbeid ved museet.
- Samlingane ved museet inneheld om lag: 55 hardingfeler, 12 000 ulike foto, 9020 gjenstandar, videosamling, stor boksamling. 245 privatarkiv i lokalhistorisk arkiv.
- Publikasjonar; årleg kalender med gamle bilde, spalte i Bø blad, bokverket husmannssoge for Bø. Opp gjennom åra er det gitt ut fleire årsskrift med historisk innhald.
- Bø Museum blir drive på dugnad bortsett frå dei to sommarvertane, litt vask og føring av rekneskapen.
- Aktivitetar, registreringsarbeid, vedlikehald, førefallande arbeid og ettersyn medfører svært stor dugnadsinnsats.

Økonomi. Bø Museum får kr 389 000 i driftstilskot frå kommunen. I tillegg er det inntekter frå ulike arrangement. Bø Museum søker om tilskot frå ulike institusjonar til prosjekt / utstyr.

Behov

Museet er heldige som har mange kompetente frivillige. Me ser likevel at me treng ein fagperson som kan ta heilskapleg ansvar for å vidareutvikle museumsområdet, arkiv/samlingar, formidling og alle oppgåvene museet står for. Dette skal ikkje erstatte det verdifulle dugnadsarbeidet, men ein treng nokon som kan koordinere og lage ein plan for utviklinga. Undersøkingar viser at mange er villige til å gjere dugnadsarbeid, men å få frivillige til å ta ansvar over tid, er meir utfordrande. Det er derfor viktig for oss å tilsette ein slik person, men dette vil vera eit stort økonomisk løft. Me ber derfor om at kommunen hjelper oss med ulike alternativ.

Arkiv / samlingar. Museet har store samlingar, og me er opptekne av å ha ei profesjonell samlingsforvaltning. Me brukar verktøyet Primus, som dei fleste musea brukar. Mykje er allereie registrert, men det er også ein god del etterslep. Me er opptatt av at slikt arbeid blir

gjort av ein fagperson. Ein mogleg start kan vera å vurdere om kommunen kan avsjå arkivarressursar for å hjelpe museet.

Tilsetting. Det er eit løft for museet å tilsette ein eigen person. Det hadde vore til god hjelp om kommunen kunne bidra med å ta på seg arbeidsgivaransvar og administrative løysingar for ein tilsett.

Uansett kva for alternativ som kan vera aktuelle å gå vidare med, meiner me at det er sjølvstøtt at alle me som driv med historieformidling i kommunen blir likebehandla og får like ressursar til å drifte alle dei lokala og samlingane me forvaltar på vegne av lokalsamfunnet. Me må få same støtte som andre liknande aktørar i kommunen.

Vedlikehald og faste utgifter er eit område der museet både har eit veldig stort ansvar og store økonomiske utfordringar. Det er både bygningar og kulturområde som skal vedlikehaldast. Tilskotet me får i dag går i stor grad til dette arbeidet, men behovet er større enn det me har rammer for i dag. Bø Museum søker eksterne om tilskot til spesielle prosjekt. Når mykje pengar går til vedlikehald, blir det lite att til faste utgifter og dagleg drift. Eit museum som vårt har store faste utgifter som brann- og tjuverisikring, straum, forsikringar, ulike lisensar osv.

Vidareutvikling

Bø Museum eig mange gjenstandar som ligg på magasin, og har stort behov både for meir magasinplass og ikkje minst utstillingsplass. Me har derfor lenge jobba for å få eit nytt museumsbygg med både magasin (med rett temperatur, fuktigheit osv.), utstillingslokale og rom for formidling til grupper (t.d. skuleklasser). Det er vanskeleg for museet å jobbe med langsiktige mål og vidareutvikling når ein har meir enn nok med dagleg drift, alt gjort av frivillige.

Toalett på Kvennøya

Det er mykje besøk på Kvennøya om sommaren, og det er stort behov for å ha ei toalettløysing der.

Kva kan museet gi tilbake?

- Museet er ein formidlingsarena som kommunen med fordel kan utnytte betre. Me har allereie godt samarbeid med skulane, men museet kunne absolutt ha vore oftare bruka til alternativ undervisning eller «klasserom utanfor klasserommet».
- Museet har fått fleire spørsmål frå Idea kompetanse om å vere praksisplass, men dette ser ein seg ikkje i stand til utan tilsette ved museet.
- Me vil også løfte fram moglegheita for å bruke museet til andre brukargrupper som kommunen har ansvaret for. Ein kan ha ulike aktivitetar her som både er meningsfulle og givande for ulike grupper, t.d innanfor helsesektoren.
- Bø Museum er ein del av kommunen sitt reiseliv og me ser at me får besøk av andre gjester enn det mange av dei andre reiselivsaktørane får, også utanom sesong. Me trur det er viktig å ha ein stad for dei som er interesserte i historie og slektsgransking osv.
- Det er ei stadig veksande gruppe med ressurssterke pensjonistar som gjerne vil bruke tida si på meningsfulle aktivitetar. Bø Museum er absolutt ein viktig stad i så måte, og me kan gjerne bli bruka enda meir som sosial arena for enda fleire.

Sluttord

Bø Museum har eit stort ansvarsområde og forvaltar store verdiar på vegne av lokalsamfunnet. Me har løfta nokre av behova våre her, og me håpar å ha ein konstruktiv diskusjon med kommunen om mogleg hjelp til heile eller deler av dei behova me har. Me er svært glade for den støtta me allereie får, både økonomisk og praktisk, men ber kommunen vurdere om det er fleire tiltak de kan gjera for å støtte opp under Bø Museum, spesielt når det gjeld tilsetting.

Helsing styret ved Bø Museum
Kristin Kleppen, leiar
Olav Finstad, nestleiar



Bø Museum
Bergit Li
Oterholtvegen 148
3802 BØ I TELEMAR

Dato 22.09.2023
Vår referanse 23/11356-2
Dykkar referanse

Innspel til økonomiplan

Takk for innspelet til budsjettet for 2024 og økonomiplanen. Innspelet vil følge med i budsjettprosessen fram til vedtak i kommunestyret 4. desember 2023.

I tillegg; takk for gode og oppklarande møte og samtalar om Bø Museum som kulturinstitusjon og om driftsutfordringane. Kontakt og dialog er avgjerande for å finne dei beste løysingane!

Med helsing

Hilde Pedersen
enhetsleder
hipe@mt.kommune.no

Dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Mottakarar

Kopi til

Per Dehli	Kommunedirektør	Midt-Telemark kommune
Øystein Tveit	Stab	Midt-Telemark kommune

Vedlegg

